



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill	Arkivkode: FE - 231
Arkivsaksnr: 15/860	Løpenr: 17/10100
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	22.11.2017	046/2017
Kommunestyret	13.12.2017	055/2017

Kommunale avgifter og gebyr 2018 - bygge- og delingssaker, plansaker, saker etter matrikkellova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova for 2017 vert godkjent slik det ligg føre, datert 22.11.17.

Dokument som er vedlagt:

Gebyrregulativ 2018 bygge- og delingssaker plansaker saker etter matrikkellova

22.11.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FORM- 046/2017 Vedtak:

Gebyrregulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova for 2017 vert godkjent slik det ligg føre, datert 22.11.17.

13.12.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) meinte at detaljar om gebyr som kan verta innkrevde av andre enn Samnanger kommune må komma tydelegare fram i gebyrregulativet enn det gjer i dag.
Til dømes gjeld dette gebyr som Bjørnefjorden landbrukskontor krev inn når landbrukskontoret har uttalt seg i ei sak.

Administrasjonen noterte seg dette.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

KS- 055/2017 Vedtak:

Gebyrregulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova for 2017 vert godkjent slik det ligg føre, datert 22.11.17.

Kva saka gjeld: Satsar og justering av gebyr for betaling av teknisk forvaltningstenester.

Bakgrunn for saka: For mange av desse tenestene er det høve for kommunen å ta gebyr for å dekke ein stor del av kommunen sin kostnad. Klagehandsaming ligg ikkje til sjølvkostområdet, og teknisk forvaltning gjer ei rekkje tenester for kommunen som ikkje kan inngå i grunnlaget for utrekning av satsane. Satsar på gebyra vert difor sett i høve til dei arbeidsoppgåver og tida som vert bruk på gebyrområda for plan, delingssaker og oppmåling.

Vurderingar og konsekvensar:


Samanlikna med andre kommunar har Samnanger lågare satsar på ei rekkje gebyrområde og får dermed relativt lågare sjølvkostnivå på sine tenester. Nokon av gebyra står ikkje samsvar med nødvendig tidsbruk, og kommunen må fullfinansiera plan- og byggesaker, delingssaker og oppmålingssaker. Kommunen bør ta fullt ut betaling for dei teneste me gjev på dette området.

Teknisk forvaltning har god kompetanse og har effektiv sakshandsaming. Kommunen må og rekne med ei auke i ramma til teknisk forvaltningsoppgåver dei neste åra. Kart og planar skal digitaliserast og vere tilgjengeleg på nettet til ei kvar tid. Dette skal gje både innbyggjarar og utbyggjar betre innsyn og forenkle søknadsprosessen. Dette føresett igjen at kontoret må ha både betre og fleire digitale verktøy tilgjengeleg til både handsaming og produksjon av informasjon.

Dei tilsette som arbeider med dei ulike oppgåvene som er omfatta av gebyr har gått igjennom gebyrregulativet. Dei har vurdert satsane i lys av dei erfaringane og den oppfatninga dei har om ressursbruken. Det har resultert i det vedlagt regulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova. Me tilrår å auke gebyra og sjølvkostgraden gradvis i dei neste år. Frå 2018 vert kommunen og fakturert der kommunen sjølv rekvirerer oppmåling, reguleringsplan eller byggjeløyve. Dette for å synlege arbeidet som vert utført av teknisk for kommunen på sjølvkostområdet.

På plansaker (pkt 5 i regulativet) tilrår vi eit trinnvis gebyrregulativ for reguleringsplanar. Nokre kjem i berre i første fase og bør berre verte fakturert for dette. Medan andre treng ei konsekvensutgreiing av kommunen og bør betala for dette. Vi foreslår derfor ein liten reduksjon for ordinær handsaming av reguleringsplaner. For dei andre gebyra er satsane vurdert i høve til medgått arbeid. Denne bør aukast trinnvis dei neste fire åra for å dekke ein større andel av ressursbruken på sjølvkostområdet. Nedanfor viser oversikt over gebyra (2016) i Hordaland , Fusa og Alvdal samanlikna med Samnanger i 2016-17 og tilrådd gebyr for 2018.

Gebyr 2016 andre kommunar og 2016-18 Samnanger kommune



I dispensasjonssaker (pkt 6.1 i gebyrregulativet) har kommunen satsar for si sakshandsaming av delingssaker. Måsaka og handsamast av Bjørnefjorden landbrukskontor etter jordlova, er det eigne nasjonale satsar for jordlova som kjem i tillegg. Dette går no meir tydleg fram av regulativet.